

Saksbehandlar: Kenth Rune T. Måren, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 16/8145-37

Handlingsprogram for mål og strategiar i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018-2021, «Mot nye høgder»

Fylkesdirektøren rår hovudutval for opplæring til å gjere slikt vedtak:

1. Handlingsprogram for vidaregåande opplæring for perioden 2018-2019 vert vedteke slik det går fram av vedlegg 1 til saksutgreiinga
2. Tiltaka i handlingsprogrammet vert finansiert slik:
 - a. Drift og finansiering av satsing1, kvalitetsutviklingsgrupper på dei vidaregåande skulane, vil fylkesdirektøren kome tilbake til i eiga sak i hovudutval for opplæring sitt møte i april.
 - b. Satsing 2, 4 og 5, skulevurdering, samfunnskontrakten og auka kompetanse på faglege leiarar, instruktørar og prøvenemnder vert finansiert over avsett løyvinga på 0.8 mill. kroner.
 - c. Satsing 3, Psykososialt læringsmiljø for elevar og lærlingar, er tenkt finansiert gjennom ny tilskotsordning «Tiltaksutvikling for Program for folkehelsearbeid i kommunane» (søknad sendt). Dersom søknaden ikkje vert støtta må fylkesdirektøren kome attende til finansiering.

Vedlegg:

1. Handlingsprogram for mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018-2021, «Mot nye høgder»

Andre relevante dokument i saka:

1. Mål og strategiar for vidaregåande opplæring 2018-2021 «Mot nye høgder»

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn for saka

Fylkesdirektøren legg i denne saka fram bakgrunn for arbeidet mål og strategidokumentet «Mot nye høgder» og framlegg til tilhøyrande handlingsprogram., jamfør vedtak i FT - sak 51/17 der det i vedtaks punkt 2 står:

Det skal utarbeidast eit tilhøyrande handlingsprogram for perioden 2018-2021. Tiltak og prosessar skal vere tidfesta, prioriterte og kostnadsrekna. Handlingsprogrammet vil vere grunnlag for prioriteringar i budsjett- og økonomiplanen. Hovudutval for opplæring skal handsame og rullere handlingsprogrammet kvart andre år.

I HO - sak 31 /2016 vart mandatet om å ta utgangspunkt i tre kjerneområde for mål- og strategiarbeidet sett: leiing, opplæring og fag- og yrkesopplæring.

Ein viktig del av arbeidsprosessen med mål- og strategidokumentet var å klarlegge kvar vi er i dag, kva utfordringar vi står over for og kva vi kan gjere for å nå nye høgder. Dette arbeidet viste at dei største utfordringane innanfor dei tre kjerneområda er:

Leiing - spenningsforholdet mellom drift- og pedagogiske utviklingsoppgåver
Opplæring - variasjon i opplæringsmetodar og elev- og lærlingmedverknad
Fag- yrkesopplæring - styrke det 4-årige utdanningsløpet

Arbeidet med kjerneområda skal ha trivsel, meistring og gjennomføring som utgangspunkt og handlingsprogrammet skal organiserast slik at vi har høg kvalitet frå tiltak til overordna mål.

Organisering av arbeidet

Fylkesdirektøren har fått innspel til handlingsprogram frå rektorane på rektorsamlingar og gjennom skriftlege tilbakemeldingar. Rektorane ser det som viktig at tiltaka i handlingsprogrammet rettar seg mot nokre få gjennomgåande tiltak om ein skal lukkast. Dei peikar på at handlingsprogrammet sitt tiltaksapparat både må vere overordna, kompletterande og gje plass til lokal handlingsfridom, slik at ein har nærleik til praksisfeltet.

Fylkesdirektøren for opplæring er samd i ei slik tilnærming for å ivareta ei lokal forankring i skulane sine pedagogiske utviklingsplanar. Samtidig understrekar fylkesdirektøren at tiltaka må rettast mot dei mål og strategiane som er identifisert i dei tre kjerneråda leiing, opplæring, fag- og yrkesopplæring, og følgjast opp kontinuerleg gjennom det etablerte kvalitetsvurderingsystemet (Opplæringslova, § 13-10).

Handlingsprogrammet

Skulen og lærebedrifta sin kjerneaktivitet er å fremje læring og danning. Opplæringa skal gjennom trivsel og meistring er gode vekstvilkår for læring og gjennomføring. Elevar og lærlingar med positive meistringsforventningar aukar moglegheitene til å realisere eigne framtidsmål. Dette fordrar at yrkesfaglege utdanningsprogram rustar elevane og lærlingane til å møte arbeidslivet med relevant fag- og yrkeskompetanse, og studieførebuande utdanningsprogram syter for at elevane er studieførebuande. Handlingsprogrammet skal organiserast slik at vi har høg kvalitet frå tiltak til overordna mål og vere grunnlag for alt utviklingsarbeid i sektoren.

Ansvar

Administrativ skuleeigar og skuleleiing har ansvar for gjennomføring og oppfølging av tiltaka skissert i handlingsprogrammet.

Økonomi

I økonomiplanen er det sett av 0,8 mill. kroner til kostnadskrevjande tiltak i handlingsprogrammet. Det går fram av handlingsprogrammet kva tiltak som er vert finansiert av desse midlane og kva tiltak som har anna finansiering.

Satsing 1, Kvalitetsutviklingsgrupper på dei vidaregåande skulane, vil fylkesdirektøren kome tilbake til i hovudutval for opplæring sitt møte i april og legge fram sak om etablering og drift/finansiering av kvalitetsutviklingsgrupper ved dei vidaregåande skulane.

Satsing 2, 4 og 5, skulevurdering, samfunnskontrakten og auka kompetanse på faglege leiarar, instruktørar og prøvenemnder, vert finansiert over ramma avsett til kostnadskrevjande tiltak i handlingsprogrammet.

Satsing 3, Psykososialt læringsmiljø for elevar og lærlingar, er tenkt finansiert gjennom ny tilskotsordning «Tiltaksutvikling for Program for folkehelsearbeid i kommunane» (søknad sendt).

Dersom søknaden ikkje vert støtta, må fylkesdirektøren kome attende til finansiering.